



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Oppdatering av overordna beredskapsplan for 2025

Vedlegg

- 1 Overordna_beredskapsplan_2025 (1)

Dokument i saka

Gjeldande plan

Bakgrunn

Kommunedirektøren legg i denne saka fram ein oppdatert overordna beredskapsplan. Planen skildrar korleis beredskapen i kommunen er organisert ved alvorlege uønskte hendingar som rammar kommunen som heilheit, eller som er av ein karakter som krev sentral koordinering og leiing.

Formålet med planen er at kommunen skal ha ein beredskapsorganisasjon som trer i kraft, heilt eller delvis, ved uønskte hendingar der den ordinære linjeorganisasjonen aleine ikkje er den tenlege organisasjonsforma for å redusere konsekvensane av hendinga, oppretthalde kommunale tenester og i etterkant normalisere situasjonen.

Overordna beredskapsplan er utarbeidd med bakgrunn i lovkrav og føringar frå statlege myndigheiter:

- LOV 2010-06-25 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) med tilhørende forskrift om kommunal beredskapsplikt.
- LOV 2018-06-01 om forebyggende sikkerhetstjeneste (sikkerhetsloven)
- LOV 2018-06-22 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Planen er òg revidert med omsyn til Totalberedskapsmeldingen og risiko- og sårbarhetsbiletet vi no står overfor, der betra sivil beredskap og auka lokal motstandskraft er løfta fram.

Vurdering

Vinje kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er basert på prinsippa om likskap, nærleik, ansvar og samvirke. Føremålet med den overordna beredskapsplanen er å kunne etablere ei kriseleiing som raskt kan iverksetje dei tiltak som er nødvendige når ei utføresett hending skjer.

Planen byggjer på nokre sentrale prinsipp:

- Dersom ei alvorleg hending skjer, som går utover dei hendingar som kommunen normalt er førebudd på å ta hand om, blir det etablert kriseleiing
- Ved ei uønskt hending skal kommunen gje best mogleg informasjon til innbyggjarane. Kommunen si nettside vil vere hovudkanal for informasjon
- Dei som til dagleg tek dei politiske og administrative avgjerdene skal også gjere det under ei krise
- Kommunen skal i krisesituasjonar så langt det er mogleg oppretthalde nødvendige tenestetilbod

Kommunens overordna beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar i kommunen. Den skal også vere samordna med andre relevante offentlege og private aktørar sine krise- og beredskapsplanar.

Sidan førre revidering har ein arbeidd med å gjere seg meir uavhengig av bortfall eller ustabilitet i elektronisk kommunikasjon (ekom), som mobilnett og naudnett¹. Både naudnetts-terminalar og sikringsradioar er på plass ute på tenestestader i organisasjonen. Sikringsradio blei sist brukt mellom Norheimstunet og legevakt etter bortfall av mobilnett laurdag ettermiddag 4. oktober.

Vidare legg ein opp til kommunal fellesinformasjon over sikringsradio til faste tidspunkt, dersom ekom eller straum er ute i ein lengre periode.

Plan for beredskapskommunikasjon legg no opp til fysiske «beredskapspunkt». Dette er ein samlingsstad som kan opprettast under kriser, for til dømes eit omfattande straumbrot. Her kan folk få tilgang til grunnleggande tenester som varme, drikkevatn, mat, informasjon og høve til å lade mobilen. Kommunedirektøren kjem tilbake til temaet i budsjettet for 2026, der talet på beredskapspunkt og anskaffing av mobile naudstraumsaggregat blir detaljert.

Helseberedskapskonferansen 2025 fokuserte på frivilligheita si rolle i krise og krig. Dialogen med frivillig sektor i Vinje er så vidt i gang. I 2026 vil me setje søkeljoset på korleis me kan integrere frivillig sektor betre i helseberedskapen og sjå nærare kva for ressursar me kan trekke på i ei eventuell krise.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret godkjenner framlagde utkast til revidert overordna beredskapsplan.

¹ Eit nasjonalt, digitalt radiosamband som gir sikker og påliteleg kommunikasjon for politi, brann- og helseteneste, samt andre aktørar med naud- og beredskapsansvar.

